

# 100 år med nygamle fylkesnamn

Trykt i *Norsk Tidend* 2019 nr. 5, s. 15–17. Her i typografisk tilrettelagd versjon.

**Nordland kunne ha vorte Hålogaland, og Telemark kunne ha vorte Grenland. Då dei norske fylka fekk namn førre gongen, vart gamalnorske landskapsnamn henta fram og tekne i bruk att.**

Før 1919 var Noreg inndelt i *amt*, og både nemninga og inndelinga var ein arv frå dansketida. Mot slutten av 1800-talet kom det fleire framlegg om å kalla amta *sysse*l eller *fylke* i staden, ord som var bruka om administrative område i gamalnorsk, og å atterinnføra gamle norske områdenamn på amta og andre administrative einingar.

## Eit uttrykt nasjonalt mål

Interessa for mellomalderen var sterk på 1800-talet og ein viktig del av den norske nasjonsbygginga, og det var heilt i tråd med dette programmet å henta fram att namn som var kjende frå den norrøne sogelitteraturen.

Etter framlegg frå ei gruppe venstrefolk gjorde difor Stortinget i 1900 vedtak om at inndelingsnamna skulle få ei norsk form eller bytast ut med «nasjonale namn». Berre éin representant stemde mot. Det var altså eit tydeleg uttrykt nasjonalt mål for namnearbeidet, og framlegget var formulert på landsmål, det nasjonale målet. På denne tida var fornorskinga av det danske skriftspråket òg i gang, det arbeidet som leidde fram til riksmålsrettskrivinga i 1907 og den store reforma i 1917. Fornorsking av stadnamn fall inn i dette arbeidet.

Gjennom dansketida hadde mange stadnamn fått ei dansk skriftform, og dette galdt framleis gjennom det meste av 1800-talet. Mot slutten av hundreåret vart det gjort eit arbeid for å føra til dømes gardsnamn over i norsk målform, og inndelingsnamna var då ei naturleg vidareføring av dette arbeidet. Fornorskinga av stadnamna våre er grundig skildra av Gustav Indrebø (1889–1942), professor i «vestnorsk målføregransking» og leiar/nestleiar i Noregs Mållag i ei årrekkje, i boka *Norsk namneverk* (1927).

Etter vedtaket i 1900 sette Stortinget ned ei nemnd som skulle vurdera nye inndelingsnamn. Der sat mellom andre Marius Hægstad (1850–1927), den fyrste professoren i «landsmaalet og dets dialekter» og fyrste leiar av Noregs Mållag. I lag med han sat rettshistorikarane Hertzberg og Taranger og teologen A. Chr. Bang, alle riksmålsfolk. Nemnda ville innføra nemninga *sysse*l for amt og kom med framlegg til nye namn. Det var semje om å nytta namn med rot i norsk historie, men medan fleirtalet dels gav namn etter administrasjonssenteret (t.d. *Drammen*), ville Hægstad gjennomføra gamle landskapsnamn og ein norskare skrivemåte (t.d. *Austfold* med diftong). For mindre namn som herad ville nemnda leggja bygdemålet til grunn, «renset og normaliseret». Men etter at tilrådinga var lagd fram, koka saka bort i kålen.

## Gamle landskapsnamn

I 1914 vart Hægstad og Hjalmar Falk (1859–1928), professor i germansk filologi, bedne om å laga ei ny utgreiing om inndelingsnamna. Dei hadde då vore konsulentar for *Norges Geografiske Opmåling* (NGO), forløparen til Kartverket, i fleire år. Falk var sjølv riksmålsmann og hadde vore den fyrste formannen i *Riksmålsforeningen* (ein forløpar for Riksmålsforbundet), men dette prega ikkje stadnamnarbeidet hans. NGO hadde sidan 1913 praktisert at stadnamn skulle skrivast etter den lokale uttalen, men med noko normering særleg av bøyingsendingane.

Etter berre nokre månader hadde Falk og Hægstad ei tilråding ferdig. Dei fylgde opp tankane hans Hægstad frå den førre nemnda og ville taka opp gamle landskapsnamn som var kjende frå gamalnorsk. Som avlørsarord for amt føreslo dei no *fylke*, eit inndelingsnamn frå mellomalderen som er avleidd av ordet *folk*. Dei sette òg opp ei liste over heradsnamn som burde få ny skrivemåte, og desse vart vedtekne allereie seint i 1917. Namn på fylke og bispedøme måtte opp i Stortinget.

Trass i semja frå 1900 om å innføra nasjonale namn vart det eit fleire dagar langt ordskifte i Odelstinget om endringane då saka kom opp i 1918, dels om å utsetja heile saka, dels om einskilde framlegg. Høgre var som vanleg imot endringar og skulda vestlendingar og målfolk for å påtvinga Austlandet uynskte namn. Den sida av argumentasjonen er litt pussig, sidan korkje vestlendingar eller målfolk hadde noko fleirtal i Stortinget. Kulturell og språkleg konservatisme var nok heller motivet.

### Amt- og fylkesnamn før og etter 1919

Smaalenene	Østfold	Lister og Mandal	Vest-Agder
Akershus	Akershus	Stavanger	Rogaland
Kristiania	Kristiania (Oslo frå 1925)	Søndre Bergenhus Bergen	Hordaland Bergen (til 1972)
Hedemarken	Hedmark	Nordre Bergenhus	Sogn og Fjordane
Kristians	Oppland (seinare ein ekstra 'p')	Romsdal Søndre Trondhjem	Møre og Romsdal Sør-Trøndelag
Buskerud	Buskerud	Nordre Trondhjem	Nord-Trøndelag
Jarlsberg og Larvik	Vestfold	Nordland	Nordland
Bratsberg	Telemark	Tromsø	Troms
Nedenes	Aust-Agder	Finmarken	Finnmark

### Kva skulle fylka heite?

Eit problem var at dei gamle landskapsnamna ikkje samsvara heilt med dei moderne grensene. I mellomalderen var til dømes *Upplønd* (*lønd* er fleirtal av *land*) eit stort område som femna om det meste av dagens Hedmark og Oppland og delar av Buskerud og Akershus. Falk og Hægstad ville kalla dei tre fyrste *Aust-*, *Vest-* og *Sør-Upland* (Falk ville ha *Oppland*), medan Kyrkjedepartementet føreslo *Ringerike* for

Buskerud. Stortinget vedtok likevel at den austre delen skulle heita *Hedmark*, med namn etter landskapet aust for Mjøsa, medan vestdelen vart *Opland* åleine. I staden for forslaget *Ringerike* heldt Stortinget på *Buskerud*, opphavleg eit gardsnamn i Modum. Akershus, oppkalla etter festninga inst i Oslofjorden, skulle framleis vera fylkesnamn. Her hadde Falk og Hægstad føreslege *Romerike*, som ville stått meir i stil med dei andre nye namna, jamvel om fylket går mykje vidare enn det gamalnorske *Raumariki*.

*Østfold* og *Vestfold* fekk namn etter *Folda*, det historiske namnet på Oslofjorden. Vestfold fanst allereie i gamalnorsk, medan Østfold ikkje er skriftfest før på 1500-talet, men laga på same vis. Framlegget *Austfold* med diftong var faktisk noko bruka og hadde støtte i fylket, men vedtaket vart *Øst*-. Det nye fylkesnamnet *Telemark* dekte frå gammalt av berre dei indre delane av fylket; eit alternativ var *Grenland* etter dei ytre delane. Landskapsnamna *Agder*, delt i *Aust*- og *Vest*-, *Rogaland* og *Hordaland* stemde godt overeins med fylka dei gav namn til.

Noko større spørsmål var det ved dei to nørdeste vestlandsfylka og om ein burde ha toledda namn. Falk og Hægstad hadde helst sett berre *Fjordane*, men vedtaket vart *Sogn og Fjordane*. Romsdals amt vart til *Møre* fylke, fyrst i 1935 vart Romsdal teke med i namnet att. Søndre og Nordre Trondhjems amt fekk no namnet *Trøndelag* (*Sør*- og *Nord*-) etter det gamle namnet på lovområdet til trønderane.

I Nord-Noreg var det fleire framlegg. Falk og Hægstad hadde føreslege *Nordland*, *Trums* og *Finnmark*. Finnmark gav seg sjølv, men for dei to fyrste føreslo departementet i staden *Haalogaland* og *Trondenes*, eit gammalt sentrum på Hinnøya. Her landa Stortinget på Nordland og Troms.

Ordsiftet galdt ikkje berre fylkesnamn, men andre inndelingsnamn òg. Dei gamle *stifta* vart til *bispedøme*, også det ei nemning som var henta frå gamalnorsk. Dei fekk til dels endå meir gamalvorne namn enn fylka, med tilnærma norrøne former som *Bjørgvin*, *Nidaros* og *Hålogaland*, som desse bispedøma framleis heiter.

I fortsetjinga av dette arbeidet vart også andre stadnamn endra i nasjonal retning, særleg oppkallingsnamn som ymse danske kongar hadde strødd utover landet. Slik vart Fredriksvern og Fredrikshald til Stavern og Halden, og Kristiania til Oslo (som hadde levd som namn på gamlebyen). Vendepunktet var Nidaros, som var namnet på trønderhovudstaden eit drygt år i 1931–32, men møtte stor motstand og vart ståande berre som namn på bispedømet. Bjørgvin vart som bynamn aldri meir enn eit forslag frå mållagskrinsar. Namneskifte av denne typen vart det stort sett slutt med frå 1930-åra, men skriftformer frå dansketida vert framleis retta til skrivemåtar som byggjer på tradisjonell uttale og norske rettskrivingsreglar – til både glede og mishag.

## Dei nye fylkesnamna

Solberg-regjeringa har sett i gang ei ny regionreform der fleire tidlegare fylke vert slegne saman. I nokre tilfelle har namnet vore sjølvgeve, som når Sør- og Nord-Trøndelag vart til *Trøndelag*. I andre tilfelle har det vore større strid om kva den nye

skapningen skulle heita. Også no har somme trekt fram gamalnorske førebilete; t.d. vart *Gula fylke* etter det gamle lovområdet *Gulating* føreslege som namn på Hordaland og Sogn og Fjordane.

Både for hundre år sidan og i den nye reforma har styresmaktene bede om faglege råd. Men namna har ikkje vore noka hovudsak denne gongen, og faglege råd har vorte ignorerte. Berre eit par representantar tok opp namnespørsmålet då saka var til handsaming i Stortinget. Endskapen vart namn som *Innlandet* (kjem alle andre nordmenn frå *utlandet?*), *Vestland* (som er større enn Hordaland + Sogn og Fjordane) og *Viken* (der talemålet har *Vika*), som helst må kallast språklege ulukker. Men same kor språkleg og geografisk misvisande *Viken* er, spelar det på det gamle namnet på området rundt Oslofjorden, og fortset slik ein hundre år gamal tradisjon.